



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/208 - 18/12621


Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
19.04.2018

Oversender søknad om dispensasjon byggegrense langs sjø til uttale - gbnr 134/264 Hilland

Tiltak: Arealoverføring
Byggjestad: Gbnr: 134/264
Tiltakshavar: Leif Norgeir Walde
Ansvarleg søkjar: Advokatkontoret Fløien

Saka gjeld søknad om arealoverføring mellom gbnr. 123/264 og eigedom gbnr. 134/116 av eit areal på om lag 850 m². Mottakar eigedomen er i dag bygd med fritidsbustad og nytta som fritidseigedom.



Planstatus

Arealet er omfatta av kommunedelplan for Knarvik – Alversund/planid.: 1263-07032007. Arealet er i gjeldande kommunedelplan avsett til bustadføre mål, det ligg plankrav knytt til området. Det er på plankartet lagt inn juridisk linje – byggegrense mot sjø.



Delar av arealet som er søkt arealoverført ligg utanfor byggegrense mot sjø.

Det er søkt om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8, plankravet i gjeldande kommunedelplan § 2.3, og frå arealføremålet bustad til bruk som fritidsbustad.

Delar av arealet som er søkt overført frå gbnr. 134/264 er på NIBIO sitt gardskart registrert som skog med særskilt høg bonitet. Saka vert difor sendt Landbruksavdelinga for vurdering av tiltaket etter jordlova § 12.

I samband med handsaming av søknad om dispensasjon vart søknad sendt til regionale og lokale planstyresmakter for uttale. Vår handsaming av saka vil i stor grad avhenge av dykkar uttale.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Dokument i saka finn de [her](#).

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett - gbnr 134/264 Hilland

Kart

Grunnboksinformasjon

Søknad om dispensasjon

Nabovarsel

Rekvisisjon av oppmålingforretning

Dispensasjon

Kartutsnitt KDP gbnr134_264 og 116

Kartutsnitt orthofoto 2015 gbnr 134_264 og 116

Kopi til:

Advokatkontoret Fløien	Postboks 225 Sentrum	5804	BERGEN
Leif Norgeir Walde	Radøyvegen 61	5911	ALVERSUND

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Postboks 7900	5020	BERGEN
Landbruksavdelinga			
Planavdelinga			